


MIRAKELET

AV JOHN M. SYNGE



RIKSTEATRET

KJÆRE PUBLIKUM!


Ei god skrøne er ofte betre enn ei dårleg sanning! Det er iallfall konklusjonen til den irske forfattaren Synge i skodespelet *Mirakelet*, som Riksteatret byr på denne gongen.

Mirakelet er eit frodig stykke om menneske som vil ha rett til å vera annleis - og om livsløgn som noko naudsynt i tilværet. Stykket vart spela i 1979 på Det Norske Teatret i forkorta utgåve, og det er første gongen heile dette stykket vert oppført her i landet.

Vi møter her det gamle, blinde tiggarparet Mary og Martin Doul (Doul tyder blind på gælisk) som har laga seg nokre "sanningar" som dei lever på: at verda er vakker og at dei sjølv er det vakraste paret i soknet. Ein dag kjem ein såkalla "Heilagmann" til bygda. Han kan mellom anna få blinde til å sjå. Men kva vil hende når desse to "bygdeoriginalane" får synet att, og sanninga kjem for ein dag?

Det er dette *Mirakelet* handlar om. Og om livet slik det er på godt og vondt. Og kan hende er det slik som desse blinde tiggarane seier, at ein må lata att augo eller vera blind for å kunne sjå det verkeleg vakre i verda...

Vel møtt i teatret og ha ei god oppleving!



Terje Hartviksen
Riksteatersjef



I SYNGES FOTEFAR

Første gongen eg kom til Irland, reiste eg i fotefara til John M. Synge. Eg var på veg til Belmullet, ein stad som nesten berre finst på kartet. Det gjekk ingen tog dit og ingen bussar. Så eg måtte starte mi ferd til fots og håpe på haik. Til sist kom det ein bil, verdas minste Morris, med ein svær fyr bak rattet. Bilen var fullasta med skrot, men på ein eller annan merkeleg måte klarte han å gjere plass til meg.

Eg sat taus, inneklemt mellom hagereiskap og pappesker i ein halvtimes tid, før han endeleg opna munnen. Konversasjonen var kort:

- Kjem du langvegs frå?

- Frå Sverige.

Utydeleg mumling og sidan følgjer eit kvarters stille innan han snakkar igjen.

-Reiser mykje?

-Ja, ganske. Dei fleste svenskar reiser mykje. Sverige ligg så langt borte frå verda.

Ny pause, før han opnar munnen att:

- Eg reiser ikkje. Eg drikk i staden.

Etter ei tid på Irland innsåg eg at innstillinga var typisk irsk. Ein trong ikkje reise så langt på jorda om ein kan reise i fantasien. Med eller utan flaska til hjelp.

I SYNGES FOTEFAR...

Irland ligg òg langt borte frå verda. Ingen kjem dit av reint mistak. På den eine sida ligg eit hav og på andre sida eit anna hav. Vinden kvin kvass over åsryggene - og skodda ligg tett i dalen.

Men her blir det fortald fantastiske historier om merkelege menneske, eigenarta helgenar og reine mirakel. Om dei er sanne eller ei, spelar mindre rolle. Det er vel derfor eit så lite land som Irland har fostra så mange store forteljarar. Og ein av dei største av dei er John Millington Synge. Han sat ved grua i ei lita stue på Aran-øyane og lydde til ferdafolk og bygdeoriginalar. Og av deira historier skapte han fantastiske skodespel. Han skreiv av kjærleik til dei irske bøndene og fiskarane, jentene og konene. Og han beskreiv dei og deira ville historier slik som dei var. Ikkje som dei burde vere. Følgja var at han vart avskydd av den middelklassen i Dublin som slost for "det ekte irske". Blind nasjonalisme likar jo alltid sanninga nokså dårleg, og vil helst at det berre skal finnast ein farge i fargeskalaen - kvitt.

Synge var ire, men hadde budd i Paris og tilhørte ein europeisk tradisjon. Han var bunden til den, og ikkje minst til Ibsen. Akkurat som Strindberg var han bunden av eit slags kjærleikshat. Han klaga stadig på Ibsen sine stykke, og kalla dei tørre og gledelause. Men i røynda var han svært påverka av sin norske forgjengar. Nesten alle stykka hans refererer seg på eit eller anna vis til Ibsen.

Hans første skikkeleg stykke, "In the Shadow of the Glen", er ein variasjon av Ibsens "Et Dukkehjem". Synges Nora forlet òg mann og heim. Ikkje for å "finne seg sjølv" i samfunnet, men for å rømme saman med ein omstreifar, viss på at ho ein dag kjem til å dra døden på seg i eit fuktig dike. Men heller det å få leve på ordentleg i ei kort tid, enn å rotne levande i ei innestengd bygd.

Hans mest kjende stykke, "Helten på den grønne øya" er Synge sin eigen Peer Gynt - om løgnhalsen, farmordaren og diktaren Christy Mahon. Og "Mirakelet" er på sett og vis Synges "Vildanden". Forteljinga om det blinde tiggarparet Martin og Mary Doul som må kjempe for å behalde si livsløgn om at dei er like vakre som verda kring dei.

Men i "Mirakelet", som i alle Synges stykke, flettar livets tema seg inn i kvarandre. Det er ei kjærleikssoge, eller ei forteljing om dei som vågar å leve til dei dør og dei som er levande døde.

Og same korleis ein les eller tolkar det, så finst det i desse heil-irske stykka ein røyndom som eg trur vedkjem oss alle -ein røyndom som lik som livet sjølv vekslar mellom komedie og tragedie. Også for oss som lever langt borte frå verda, som ser skodda dra fram over åsryggene og høyrer vinden kvine i vindauga, mens vi slumrar i vår vesle bygd og drøymer om livet og verda - ein stad der ute.

Johan Huldt

EIRINS GRØNE ØY

(Engelsk: Ireland. Irsk: Eire)

Irland er ei lita øy - 450 kilometer lang og halvparten så brei. Om lag 4/5 delar av øya høyrer til Den Irske Republikk, og resten, Nord-Irland, er i union med Storbritannia.

Det irske folkeslaget er av keltisk opphav, med sterke innslag av skandinavar og angelsaksarar. Keltarane tok til å busette seg i Irland på 200-talet f.Kr. Seinare vart Irland invadert av kristne misjonærar, og fram mot 500-talet e.Kr. hadde eit keltisk samfunn med ei mektig kristen kyrkje vakse fram. Vikingar frå Noreg og Danmark gjekk til åtak på Irland, og freista utrydde kristendomen. Det var nordmannen Torgjest som grunnla Dublin (= Svartkulpen) på 800-talet.

UNDER ENGELSK ÅK

I 1170 vart Irland invadert for første gongen av ein engelsk hær, og 750 år med kolonistyre skulle følgje. Det engelske veldet var lenge konsentrert til Dublin-området, og ikkje før enn på 1600-talet tok engelskmennene til å slå ned all irsk motstand. Den irske nasjonalismen var på denne tida sterkast i provinsen Ulster, og i 1608 innleidde engelskmennene si kolonisering av Nord-Irland i stor skala: Protestantiske nybyggjarar frå Skottland flytta inn, og for dei katolske ur-innbyggjarane vart det forbode å eige land. I denne koloniseringa finn ein att røtene til dagens splid i Nord-Irland.

HUNGERSNAUD

Dei fattige irske bøndene levde stort sett av poteter på attenhundretalet, og då potethausten slo feil i åra 1845-47, vart det hungersnaud. *Over ein million irar svalt i hel.* I desse hungersåra vart det ei masseutvandring frå Irland til USA, og seinare til England og Skottland. Mellom 1841 og 1920 utvandra heile 4,5 millionar irar. Ikkje noko anna land i Europa har hatt så stor utvandring, samalikna med folketalet. I åra 1840 til 1940 vart folketalet i Irland redusert frå 6,5 millionar til knapt 3 millionar innbyggjarar.

DIKTARANE SI GRØNE ØY

Irland er eit land som er så nært og så framandt, så kjent og så annleis. Romantikken er nokså sjølvsgatt her- temperamentet og kjenslene. Det



STATS-EMBLEMET ER
DEN IRSKE HARPA, EIT
SYMBOL SOM HAR VORE
I BRUK SIDAN 1500-
TALET.


er eit lokkande land for dei som vil sjå urørt natur og oppleve ein rik og særskild folklore. Det seiest at landskapet på Irland skiftar i førti ulike grøne fargetonar, og det har noko trolsk over seg, med alt det grøne, og dei små, kvite husa med torvtak, langt ute på dei vide heiane.

Ei reise til Irland er òg ei reise i litteraturen. Ein av dei største skattane på Irland er The Book of Kells, - ein kopi av Det Nye Testamente, skriven på 800-talet av munkar frå klosteret i Kells. I middelalderen var diktarar og songarar frå Irland høgt verdsett i resten av Europa, så det er nok ikkje utan grunn at landet har ei harpe som nasjonalsymbol. Overalt finn ein minne etter landet sine mange forfatarar, som til dømes Oscar Wilde og George Bernhard Shaw, - eller Jonathan Swift, som skreiv Gullivers reiser. Her kan ein vandre i James Joyce sitt Dublin, eller reise til dei vindblåste Aran-øyane ute i Atlanteren, der John M. Synge henta sin inspirasjon.

ARAN-ØYANE.

Aran-genseren, den kvite ull-genseren med dei fine flette-mønstra, kjem opprinneleg frå Aran-øyane. Kvar familie hadde sitt eige mønster, for at fiskarar som drukna skulle kunne identifiserast - sjølv etter lang tid i sjøen. Dette seier kanskje noko om dei harde tilhøva ute på øyane, der mannfolka ikkje levde så lenge, og kvinnene var utruleg sterke og vakre. Aran-øyane ligg 48 kilometer ute i Atlanterhavet, vest for Galway. Her finnst berre 1500 sjeler, som lever av jordbruk og fiske. Alle små grøne flekker med gras er omkransa av høge steingjerde. Langs grøftkantane veks fiolar, og ved veggen heng ein Jesus-figur på ein kross og ser ut over havet - det som har teke så mange av fiskarane på Aran.





*Martin Tourl of
Molly Byrne*

MIRAKELET

(The Well of the Saints)

av **JOHN MILLINGTON SYNGE**

Eit skodespel i tre akter

Omsett av Hallvard Lydvo
Omarbeidd av Johan Huldt

Regi: **JOHAN HULDT**

Scenografi: **ÖRJAN SÄLL**

Mask: **LINE HVALBYE**

Lysdesign: Halvor Schjelderup

Musikk: Janne Lindstedt

Språkkonsulent: Leif Mæhle

Desse er med:

Martin Doul: **SVEIN HAAGENSEN**

Mary Doul, kona hans: **WENCHE KVAMME**

Timmy, smed: **ARNE LINDTNER NÆSS**

Molly Byrne: **HELEN VIKSTVEDT**

Bride: **VIVI SUNDE**

Heilagmannen: **PETER LINDBÆK**

Mat Simon: **PER TOFTE**

Menn og kvinner frå bygda:

Espen Fjordheim, John Grønvold, Ole Thon,
Linda Strøm Hansen og Timo Isola.

Inspisient/ turnéleiar: Espen Fjordheim

Scenemeister: John Grønvold

Lysmeister: Espen Solum

Garderobeansvarleg og mask: Line Hvalbye

Rekvisitt: Ole Thon

Suffli: Linda Strøm Hansen

Teknikar: Timo Isola

Premiere: Fosnavåg 12. februar 1995

Speletid ca. 2 timar med ein pause.


Frå venstre i første rekkje:

Örjan Säll, Johan Huldt.

I andre rekkje: Svein Haagensen og
Wenche Kvamme.

I tredje rekkje frå venstre:

Arne Lindtner Næss,
Helen Vikstvedt, Per Tofte,
Espen Fjordheim, John Grønvold,
Vivi Sunde, Peter Lindbæk,
Linda Strøm Hansen, Timo Isola,
Ole Thon.





SVEIN HAAGENSEN

har vore tilsett ved Riksteatret sidan han gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 1974. Han har hatt eit utal ulike roller, som t.d. Passepartout i "Jorden rundt på 80 dagar" og tittelrolla i "Jean de France". Han var regiassistent på Ronja Røverdatter, og har òg hatt sjølvstendige regioppgåver. I 1994 spela Svein Haagensen i familiemusikalen "Nesegrevet" av Bringsværd. Svein Haagensen spelar elles Røde Ruben kvar sommar i dramaet om "Kaptein Sabeltann" i Kristiansand Dyrepark.


WENCHE KVAMME

har lang fartstid som skodespelar med stor suksess bak seg på Den Nationale Scene i Bergen. Ho er kjend som ein frodig komediekunstnar, men har òg vist at ho beherskar den meir seriøse genre. Wenche Kvamme spela for første gong

på Riksteatret hausten 1994 i komedien "Sanne Venner" av Alan Ayckbourn. Til våren er ho med i NRK sin nye familiese-rie i TV, "Jakten på Mauritius".

ARNE LINDTNER NÆSS

har vore ved Riksteatret sidan 1975, og har spela i både lystspel og seriøse drama, som Phileas Fogg i "Jorden rundt på 80 dagar", i "Troll kan temmes", "Lille Eyolf", "Hjelp, vi får gjester", "Timene med Rita" og "Sanne Venner". Han har elles sett i scene "Finnes det tigre i Kongo?", og har òg dramatisert musikalen "Jungelboken" for Bryggeteatret i Oslo. Arne Lindtner Næss har hatt mange oppgåver innan film og TV. Han har skrive revy for ABC-teatret, og har nett skrive og sett opp kabareten "Store Øyeblikk" som er på turné med Riksteatret denne våren.



HELEN VIKSTVEDT

er utdanna både dansar og skodespelar frå Statens Balletthøgskole (i 1986), og frå Statens Teaterhøgskole (i 1989). I tida 1990 til 1994 arbeidde ho ved Nationaltheatret, Teater Ibsen og Oslo Nye Teater. Ho har òg vore ved Fjernsynsteatret, og har jobba i radio og TV, mellom anna i serien "Minus Manus" på TV3 og NRK, og ho spelar Sorte Mascara i "Midt i Smørøyet". Ho er medlem av dei frie teatergruppene Lilith Teater og Fallskjerm og er elles frilans skodespelar.

VIVI SUNDE

har vore fast tilsett ved Teatret Vårt i Molde etter at ho gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 1975. Ho har vore ein av dei drivande kreftene ved dette teatret i ei årrekke, og har spela roller i alle genrer, som t.e. Elmire i "Tartuffe", Helena i "Ein Midtsommernattsdrøm", Nora i "Et Dukkehjem" og Masja i "Tre søstre". Ved Bjørnsonfestivalen i 1992 hausta ho ros for si tolking av "Fiskerjenten" av

Bjørnson, som ho sjølv hadde dramatisert. I dei seinare åra har ho hatt fleire regioppgåver, og har m.a. laga ein ny scenisk versjon av "Sprit" av Börje Lindström, og har hatt regien på "Ein liten idiot" av Lars Vik.

PETER LINDBÆK

tok teaterstudiar i USA og Statens Teaterhøgskole (1974). Han var tilsett ved DNS til 1976, og deretter frilansar ved Oslo-teatra til 1986, då han vart fast tilsett ved Riksteatret. Han har hatt fleire oppgåver i TV, mellom anna for KLM-programma og Fjernsynsteatret. Ved RT har han m.a. spela i "Piaf", Frankie i "Røter", Løytnanten i "Segelfoss By", Peder Mortensgård i "Rosmersholm", og han har vore ei berande kraft i Peder Cappelen's "Akershus-trilogi", "Trollspill" og "Eufemianatten". I 1994 spela han i suksessframsyninga "Nesegrevet". Han har vore ustøppeleg i si oppsøkjande "krossferd" og PR-verksemd for Riksteatret, frå klasserom til klasserom over heile landet.

PER TOFTE

har hatt oppgåver ved Riksteatret sidan 1972, og vart fast tilsett i 1990. Han har spela i dei fleste genrer av skodespel, m.a. i "Alle mine sønner" av Arthur Miller, i "Mirandolinas vertshus", "Loppen i øret" og i Ibsens "En Folkefiende". Han har hatt store oppgåver for film, fjernsyn og andre teater i Noreg. Per Tofte er namngjeten for si tolking av "Peer Gynt" ved Golå-vatnet, som han har motteke to kulturprisar for. Hausten 1994 besøkte han festivalar og universitet i Frankrike med ein fransk versjon av sitt Peer-Gynt program.

Instruktør JOHAN HULDT

er svensken som likar seg så godt på Riksteatret at han stadig vekk finn vegen hit. Han har tidlegare sett opp "Mirandolinas Vertshus", "Et Dukkehjem" og komedien "Hjelp, vi får

gjester" på Riksteatret. Denne gongen er det den irske dramatikaren John M. Synge han har valt ut. Huldt vart så fascinert av Synge sine drama at han gjekk frå den faste jobben han hadde ved Turteatern i Stockholm og vart frilansar av di han ville setje opp Synges skodespel ved fleire teater rundt om i Norden!

Scenograf ÖRJAN SÄLL

er svensk, og har tidlegare laga scenografi til Johan Huldt sine oppsetjingar her ved Riksteatret, både til "Et Dukkehjem" og til "Hjelp, vi får gjester". Örjan Säll er utdanna ved Konstfackskolan og Konstakademien i Stockholm, og han jobbar som frilans scenograf i Sverige, Noreg og Danmark. Han laga scenografi for Stockholms Parkteater sommaren 1994 på "Erik XIV", og nyleg laga han scenografien til "Brødrene Løvehjerte" på Folketeatret i København.



J. M. SYNGE,
FOTOGRAFERT FØR
HAN FEKK PARYKK.



EIN FRAMIFRÅ FORFATTAR FRÅ IRLAND

John Millington Synge vart fødd 16. april i 1871 i ein forstad til Dublin. Han kom frå ein protestantisk overklassefamilie i Irland. Far hans var advokat og jordeigar, og døydde då John var berre eitt år gammal. Mora fostra dei fem borna i streng, protestantisk atmosfære. Gjennom heile oppveksten var Synge sjukleg, og skulegangen hans vart stadig avbroten på grunn av den dårlege helsa hans. Broren, Edward, var forvaltningsmann under 1880-talet sin kamp mellom jordeigarar og leiglendingar, då fattige folk på landet vart drivne frå heimane sine og fekk husa brende ned, om dei ikkje betalte husleiga. Minna om slike opplevingar dreiv Synge til å flykte frå heimen og til å frigjere seg frå sin eigen klasse.

Synge hadde spela fiolin like frå gutedagane, og også laga enkelte mindre komposisjonar. Det var fiolinist han ville bli, og i 1893 drog han til Tyskland for å utdanne seg til muskar. Men han gav snart opp tanken på å bli konsertfiolinist. I ei sjølvbiografisk novelle "Etude Morbide", gjennomlever han debutkonsertens helvete, - korleis publikum ler han ut og støyande forlet lokalet, med han sjølv glir inn i sinnssjukdommen. Men Synge kom aldri så langt sjølv som til å halde ein debutkonsert.

Alt i 1894 drog han til Paris, fast oppsett på å bli forfattar og journalist. Her studerte han mellom anna klassisk og moderne fransk litteratur, men produserte lite sjølv. I 1896 møtte han diktaren William Butler Yeats, som allereie hadde etablerte seg som den leiande irske forfattaren i samtida. Han sa til

Synge: "Gje opp Paris - du vil aldri skape noko ved å lese Racine! Dra til Aran-øyane, og gje røyst til eit liv som er unikt i Europa, og som aldri har funne uttrykk!"

Litt seinare same året vende Synge heim til Irland. Der fekk han første åttaket av Hodgins sjukdom, ein vondarta lymfesjukdom, som skulle bli banen hans 12 år etter. Han tok ein vellukka operasjon, men mista håret og gjekk med ein svart parykk, som fekk han til å "likna ein franskmann", som mor hans sa.

LANDET DER VEST.

Det tok to år før Synge følgde rådet frå Yeats og drog ut til dei audslege Aran-øyane på vestkysten av Irland. Dette barske, folkelege miljøet på dei verharde øyane ute i Atlanterhavet -som Synge skildra meisterleg i si bok "The Aran Islands"-skulle syne seg å verta av største verd for Synge som dramatikar. Her ute kom han i kontakt med ein levande forteljar-tradisjon, og menneska han møtte, var sanne oppkomme av anekdotar og historier. Det var til dels bisarre, utrulege og blodige forteljingar han fekk høyre her - frå eit samfunn som levde på sine eigne premisser. På Aran-øyane var irsk daglegspråk, og det engelsk som øybuarane nytta, var fullt av irske og gæliske ord og konstruksjonar. Det var dette språket Synge kom til å gjere til sitt dramatiske verkty.


EIN DJERV DRAMATIKAR.

Det første skodespelet Synge fekk oppført var "In the Shadow of the Glen", som hadde premiere i Dublin i 1903. Stykket fekk ei blanda mottaking, frå entusiasme til hatske utspel - dei siste var frå nasjonalistrørsla Sinn Fein. I eit land som kjempa for sin fridom, ønskte ein ikkje litteratur som kunne oppfattast som teikn på at Irland ennå ikkje var mogen for sjølvstyre. "Riders to the Sea", som vart sett opp året etter, fekk større suksess.

Synge var med og grunnla det vidgjetne Abbey Theatre i 1904, og i februar 1905 vart "The Well of the Saints" (Mirakelet) sett opp her.

Dette var hans første skodespel i fleire akter, og Synge sin frodige humor kom her sterkt til uttrykk. Striden med dei irske nasjonalistane kulminerte med oppføringa av Synge sitt fjerde stykke: "The Playboy of the Western World", med mykje bråk og tumultar utanfor Abbey Theatre i Dublin. I 1903 skreiv han "The Tinkers Wedding", men det vart ikkje oppført i Synge si levetid. Det sjette dramaet til

SYNGE HADDE EI
SKRIVEMASKIN SOM
VAR EI AV DEI FØRSTE
REISESKRIVE-
MASKINER SOM VART
LAGA.



**SYNGE VART INGEN KONSERT-
FIOLINIST, MEN NOKRE GONGER
TOK HAN MED SEG FIOLINEN UT
TIL ARAN-ØYANE OG SPELA OPP
TIL DANS...**



Synge, "Deidre of the Sorrows", var ikkje ferdig då han døydde. Yeats, Lady Gregory og Molly Allgood fullførte dramaet, som vart oppført på Abbey Theatre i 1910, i regi av Maire O'Neill (Molly Allgood) som òg spela hovudrolla som Deidre.

KAMPEN MOT SJUKDOMEN.

Synge var ein stillferdig, blyg mann med ein rik humor. Han kjempa heile livet mot dårleg helse og personlege frustrasjonar. Han likte seg saman med kvinner, og fridde til fleire, men fekk avslag. I 1906 vart han hemmeleg forlova med skodespelarinna Molly Allgood (eller Maire O'Neill, som var kunstnarnamnet hennar). Molly var frå ein fattig katolsk familie, og var 15 år yngre enn Synge. Det var eit vanskeleg forhold; - ho hadde eit stridt temperament, og han var sjalu. Dei forlova seg, men giftarmålet vart stadig utsett på grunn av Synges sjukdom.

Synge hadde skranta lenge, og hausten 1908 kjende han nok at han ikkje hadde så lenge att. Den 10. oktober 1908 sende han eit dikt til Molly Allgood. På røft omsett norsk er diktet slik:



MOLLY ALLGOOD


EIT SPØRSMÅL

**EG SPURDE, OM EG NO VERT SJUK OG DØYR, VIL DU
MED ANDRE I MI GRAVFERD GÅ, SKAL TRU?
OM DU STOD DER OG LYDDE TIL EIN STRAUM AV ORD,
MED EG VART SENKA NED I DENNE SVARTE JORD?**

**NEI, SVARA DU, FOR OM DU SÅG EI MENGÐ
AV DÅRAR KRING MI EIKEKISTE TRENGD;
DEI LEVANDE, - MED EG LÅG EINSAM, DAUD OG KALD,
DU SKULLE RASANDE DÅ RIVE DEI TIL BLODS MED VALD!**

Dette diktet er umiskjenneleg irsk i sin bitre trass, og i dramatisk form lever denne tonen framleis hos John Millington Synge. Då Synge døydde i Dublin den 24. mars i 1909, heldt Molly sitt ord, og møtte ikkje fram til jordferda.

M.Hj.




TIMMY: DET ER
MERKELEG KOSS DU
OG MARY FÅR KVART
EINASTE MENNESKE
HER OMKRING TIL
IKKJE Å TENKJA PÅ
ANNA ENN KORLEIS
DEI SER UT.



Depotbiblioteket



97sd 29 014



Martin Gault altmed krossen

Våren 1995, Mirakelet - Riksteatret, Postboks 724 Sentrum, 0105 Oslo
Programredaksjon: Marit Hjorthøl, Språkkonsulent: Leif Mæhle,
Grafisk design og foto: Autografene AS, Trykk: Enersens trykkeri AS



Riksteatret våren 1995

*En herlig komedie, fritt etter
"fader Holberg":*

ET FANDENS FRUENTIMMER
av Eva Sevaldson

*Klassisk psykodrama
- spennende som en thriller:*

HEDDA GABLER
av Henrik Ibsen

Ei saftig skrone frå Irland:

MIRAKELET
av J.M. Synge

Et eventyr for hele familien:

MIO, MIN MIO
av Astrid Lindgren

Koselig for de aller yngste:

OLE BRUMM
av A. A. Milne

*En Unge Riks- forestilling
etter William Whartons bok*

BIRDY
av Rikard Bergqvist

*En klasseromskomedie
fra Unge Riks:*

GRAFFITI
av John Godber

*En jubelforestilling
for oss som har levd
en stund:*

JUBELBRUS
MED CHAMPAGNESUS
av Arne Lindtner Næss